



Notat/melding

Til <u>Kommunal- og regional -</u> <u>departementet</u>	Frå HJARTDAL KOMMUNE
	3692 SAULAND

☐ Til orientering	☐ Til Dykkar arkiv
☐ Etter avtale	☐ Returnerast innan _____
☐ Til uttale	☐ Svar innan _____
☐ Til godkjenning	☐ Til underskriving _____
☐ Til handsaming	☐ Sendast til _____
☐ Retur med takk for lånet	
☐ Til Dykk som rette vedkomande	
☐ Viser til: _____	

23/1 - **HJARTDAL KOMMUNE**

Stad og dato _____ Sign. _____

Engelborg Landsverk

Høringsuttale

vedk. rapporten fra

Sørheimutvalet, behandle

i Hjørdal Formannskap

17/1 - 08.

Sørheim-utvalet.

1. Skatten sin del av samla inntekter.

- Utvalet foreslår fortsatt at skatt utgjør ca. 50% av samla inntekter og at det ikkje innførast garantiordning for avvik mellom anslått og faktisk skatteinngang. Lokal forankring. Foreslår å gjøre selskapsskatten statlig.
- Uttale: Enig i vektlegging av lokal forankring og skatteandel på maksimalt 50% (korridor 45-50%), men høg skatteandel krev sterkare grad av inntektsutjamning. Enig i at selskapsskatten blir statleg, og at dette kompenserast ved at del av skatt frå personlege skatteytarar aukast og at rammetilskotet aukast (via innbyggjartilskotet). Greit at det ikkje blir nokon garantiordning for diff. skatt antatt/reell inngang.
- Selskapsskatten ingen garanti for at lokalpolitikarane si interesse for næringsutvikling aukar. Konkurransen om selskapsskatt kan vanskeleggjere samarbeidsløysingar. Ulikt fordelt selskapsskatt krev enda høgare grad av inntektsutjamning.

2. Inntektsutjamning.

- landets skattesvakaste kommune hadde i -06 56% av landsgjennomsnittelege skatteinntekter; skattesterkaste hadde 362%. Inntektsutjamning. Skattesvak kommune treng ikkje vere inntektssvak fordi: utjamning av forskjeller i skatteinntekt pr. innbyggjar, regionalpolitiske tilskot og skjønsmidlar.
- Inntektsutjamningsmodellen:
 - kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert 55% av diff. eigen skatteinntekt pr. innbyggjar og landsgjennomsnittet (kommune B).
 - Kommunar med skatteinntekt over landsgjennomsnittet får trekt 55% av eigen inntekt og landsgjennomsnittet (kommune A).
 - Kommunar med skatteinntekt med under 90% av landsgjennomsnittet blir i tillegg kompensert for 35% av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90% av landsgjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon (kommune C). Finansieringen av tilleggskompensasjonen skjer ved at alle kommunar trekkast med eit likt beløp pr. innbyggjar.
- Forslag frå utvalet: auke inntektsutjamninga frå 55% til 60% i den symmetriske delen.
- Uttale: Tilstrekkelige tilpasningar ut frå fordelingsomsyn.

3. Distriktpolitiske tilskot.

- Inntektssystemet skal syte for likeverdige tilbod og å oppretthalde *busettingsmønsteret* gjennom distriktpolitiske tilskot
- Utvalet tilrår å samle de distriktpolitiske tilskota i eitt tilskot: nord-norge tilskotet, regionaltilskotet (innbyggjartal og skatteinntekter)og del av skjønsskema
- Det nye tilskotet koplust opp til det distriktpolitiske virkeområde som har dei største distriktpolitiske utfordringane (sone IV og III). Sone IV: Finmark, Troms minus Tromsø og Nordland minus Bodø, deler av Trøndelagsfylka og grenseområde mot Møre og Romsdal, indre deler av Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark og Hordaland. Sone III: ca. 130 kommunar i Sør-Noreg og Trøndelag som ikkje ligg i nærleiken av større byområde, samt Bodø og Tromsø. Sone II: 20 kommunar i Sør-

Noreg (bl.a Hjørtal). Sone II ligg også innanfor virkeområde til til dei distriktspolitiske virkemidla, men ingen av kommunane her er kvalifisert for distriktspolitiske tilskot ifølgje utvalet sin modell.

- Uttale: Støtter forslaget om å kople eit nytt distriktspolitisk virkemiddel til det distriktspolitiske virkemiddelområdet. Støtter prinsippet om mer fleksible ordningar enn t.d. regionaltilskotet med maks innbyggjartal 3.199 (tilskotet fell bort dersom innbyggjartalet aukar til 3200). For Hjørtal sin del er det viktig at distriktstilskotet etter skjønsmessig vurdering også kan omfatte sone II som Hjørtal er i. Sma kommunar som mister regionaltilskot må kompensereast gjennom eit små-kommune-tilskot (sett til 3 mill) som del av den totale ramma for distriktstilskotet. Kompensasjon for bortfall av RDA-midlar innlemmast med eigen kolonne i utmling a distriktstilskotet.

Befolkningsoppdatering og "vekst-tilskot".

- Utvalet foreslår å oppretthalde oppdateringen av innbyggjartalet ved berekning av inntektsutjamninga – vekstkommunar får da rask komp. for nye innbyggjarar. Telledato for fordeling av innbyggjartilskot og berekning av utgiftsbehov (utgiftsutjamning) endrast til 1. juli året før budsjettåret. Veksttilskot på kr. 50.000 /innbyggjar til kommunar med vekst på over det dobbelte av landsgjennomsnittet dei tre siste åra.
- Uttale: Støtter forslaget om ny telledato. Det inneber at ein også innfører *inntektsgarantitilskot* slik utvalet foreslår. Støtter forslaget om eit veksttilskot.

Skjønsmidlar.

- Supplement til innbyggjartilskotet for å ivareta spesielle lokale forhold som ikkje fangast opp av utgiftsutjamninga. Utvalet foreslår å redusere skjønnsramma ved å overføre midlar til det distriktspolitiske tilskotet.
- Uttale: Støtter forslaget om å redusere skjønnsramma ved at midlar overførast regionalpolitisk tilskot; det gjeld også komp for forhøya sats etter gjeninnføring av diff.arbg.avgift.

Overgangsordning/inntektsgarantitilskot.

- utvalet foreslår å erstatte dagens overgangsordning med et inntektsgarantisystem (INGAR) som skjermer kommunane mot endring i rammetilskotet. Finansierast ved at alle landets kommunar trekkast eit like stort beløp pr. innbyggjar.
- Uttale: inntektsgarantitilskotet vil også omfatte endringar i kriterieverdiane. For kommunar med befolkningsnedgang og store endringar i befolkningssamansettinga som gir eit lågare berekna utgiftsbehov, vil eit inntektsgarantitilskot gi eit sikrere og betre sikkerhetsnett. Støtter derfor forslaget.

